03/26 Innkalling til møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 30.04. kl 19.00-21.00

Meld forfall til Margun, tlf 909 22 572/ mmtordal@gmail.com eller Tor Håkon tlf 408 84 271

Forfall: Margun Mikkelsen Tordal

Opning: Vetle

SAKLISTE:

Sak 16/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 19.02.26

Sak 17/26: Meldingar

Sak 18/26: Kort evaluering av Fasteaksjonen 2026

Sak 19/26: Messy Church sundag 07.juni.

Sak 20/26: Tilbakemeldingar frå årsmøtet i Strandebarm sokn 22.03.26.

Sak 21/26: Budsjett jubileum Strandebarm

Sak 22/26: Endring av soknegrensene

Sak 23/26: Oppsetjing av nytt rekkverk

Sak 24/26: Eventuelt

VELKOMMEN TIL MØTET!

Sakspapir blir skrivne ut til møtet.

For soknerådet

Margun Mikkelsen Tordal

Sakliste:

16/26: Godkjenning

Framlegg til vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøtet 19.02.26. vert godkjende.

17/26: Meldingar

Framlegg til vedtak: Framlagde meldingar blir tekne til vitande.

Meldingar:

- Frivilligfesten 30.mai kl 17.00 og konsert kl 19.00 i Øystese kyrkje. **NB! Det er påmelding. Sjå vedlegg.**
- Frivilligsamling i kyrkjelydshuset 07.05. kl 17.00. Det er ynskjeleg at heile soknerådet deltek. Det blir enkel servering.
- Vøle av kyrkjebenker: Det er gjort forsøk med vatn/ husvask og filler. Det blei veldig tungvint og tungt arbeid. Nytt forsøk blir å pussa ned benkene med maskin, utanom oppå dei profilerte kantane. Benkene skal lakkast etterpå. Ein vil prøva å få gjort mest mogleg før orgelreparasjonen begynner (ila mai/ juni).
- Sommarslåtten på kyrkjegarden blir sommaren 2026 utført av Nicolai frå Ukraina. Dette er etter avtale mellom Leiv Magnar Fosse og Olav Skeie Lid. Leiv Magnar skal likevel hjelpa til dersom det viser seg å bli for mykje for Nicolai.

Sak 18/26: Kort evaluering av Fasteaksjonen 2026

Forslag til vedtak: Rode 1 i Tørvikbygd; Berge, Stekka, Heradstveitvegen, Torvik, Tveita, Lysen må delast opp i to rodar. Soknerådet har lokalkjende folk som føreslår endringar.

Soknerådet ynskjer elles å halda fram i same forma som blei gjennomført i 2026.

Saksopplysningar:

- Resultat frå Fasteaksjonen 2026, «Håp i en dråpe vann» for Strandebarm sokn: 18 066 kr (kontantar: 13 697 kr).
- På landsbasis er det samla inn 30 194 684 kr. Det gjev reint vatn til 100 649 menneske.
- Resultat 2025: 30 885 kr. Resultat 2024: 19 966 kr.

Det var svært positivt at soknerådet samlast til ringerunde med å skaffa folk til bøssebering og køyring. Mykje lettare når ein tenkjer ilag kven ein kan spørja. Soknerådet gjorde ein flott innsats den kvelden! Tusen takk skal de ha!

Soknerådet har fått tilbakemeldingar om at rode 1 var altfor stor. Det blei brukt over 3 t på roden. Det er for mykje, og difor må denne delast opp.

Det såg ut til at omfanget av dei andre rodane var ok.

Nokre kyrkjelydar i Kvam vurderte i år å berre ha innsamling via vipps. Trur ikkje at det er aktuelt i Strandebarm framover, sidan me samla inn såpass mykje i kontantar.

Fleire av innsamlarane opplevde at mange folk ikkje var heime. Det blei vanskeleg å leggja igjen kort med vippsnr fordi ein ikkje visste kva postkassar ein kunne leggja dei i. Ein kjende ikkje namna på dei ein allereie hadde vore hos.

Sidan det berre er 8 konfirmantar dette året, var det mange vaksne utanom soknerådet som hjelpte til med å samla inn pengar. Fleire barn deltok også som bøsseberarar. Veldig fint at dei kan få ei konkret oppgåve i kyrkjelyden!

Soknerådet må drøfta om ein skal halda fram på same måte til neste år eller om noko anna enn rodestorleik må endrast på.

19/26: Messy Church 07.juni.

Framlegg til vedtak: Soknerådet gjer det nødvendige førearbeidet før frivilligsamlinga 07.mai.

Saksopplysningar: Det er planlagt ei samling 07.05. kl 17.00 i kyrkjelydshuset for frivillige i Strandebarm som skal hjelpa til på gudstenesta 07.06. Jannicke Kjølås Ludvigsen, frivilligrådgjevar i Søndagsskolen, Norge (som var ilag med soknerådet i sept-25) blir med på planlegginga 07.05. og på gjennomføring av gudstenesta.

Spørsmål som soknerådet bør svara på i møtet 30.04:

Kven er målgruppa for gudstenesta?

Kor mange frivillige treng ein? Lag liste.

Kva oppgåver kan soknerådet ta på seg på førehand/ undervegs?

Kven av oss i soknerådet skal spørja dei frivillige?

20/26: Tilbakemeldingar frå årsmøtet i Strandebarm sokn 22.03.26.

Framlegg til vedtak: Soknerådet nemner opp arbeidsgrupper, gjev innspel til prestar og organistar om typar gudsteneste og om å bruka lokale krefter i desse, Soknerådet sender spørsmål til kyrkjeverje om kva ein kan gjera med lydanlegg i kyrkja,og om noko kan gjerast før jubileet.

Saksopplysningar: På årsmøtet blei det drøfta ein del saker om innhald i gudstenester mm. Det kom fram ynskje om

- å ha musikkgudtenester (jazz/ gospel/ folketone)
- samtalegrupper
- fellesskapsbyggjande tiltak som temakveld med føredrag/songkveld/ musikkveld
- soknerådet spør og oppnemner komitear, 4-5 pers. som tar seg av kultur/ musikk
- bruka lokale krefter meir i gudstenester/ samlingar på kveldstid: Strandebarm songlag, Heims musikklag, Laudamus (tar betalt), lokal brassgruppe
- ynskjeleg at ein gjer noko med lydanlegget. Vanskeleg å høyra presten. Dette har vore gjennomgangstema i fleire år.

21/26:

Framlegg til vedtak: Soknerådet drøftar dei framlagde budsjetta frå jubileumsnemnda og frå kyrkjeverja, og set opp eit budsjett til jubileet under føresetnad av at ein har fått kunnskap om sponsormidlar.

Saksopplysningar: Soknerådet har vedteke å løyva 40 000 kr til jubileet, men har ikkje sett opp noko budsjett for helga. Dette må ein få på plass snarast.

Sokneprest og kyrkjeverje har sendt søknader om sponsormidlar til fleire bedrifter og bankar. Dei ventar på svar frå desse. Det blir vanskeleg å setja opp eit endeleg budsjett før me veit meir om kva støtte me får.

Jubileumsnemnda har også sendt førespurnader til fleire lokale lag.

Som vedlegg til denne saka, får de budsjettforslaga til jubileumsnemnda og kyrkjeverjja.

Tilleggsopplysningar:

Fredag blir det konsert med Herborg Kråkevik med band. Dei skal ha 80 000 kr i honorar + reise (Herborg frå Danmark) og opphald. Til saman ca 120 000 kr. Jubileumsnemnda ynskjer å ta 490 kr pr billett.

Arnhild Litlere vil ha 10 000 kr i honorar (står 8000 i budsjettforslaget).

Coop Strandebarm vil støtta jubileet med matvarer for kr 5000,-

Innstranda Kvinne- og familielag har løyvd 5000 kr til jubileet.

For event fleire opplysningar ila soknerådsmøtet, ring Inger Elisabet tlf 92 43 34 94 el Inger Karin tlf 93 20 10 31.

22/26: Endring av soknegrensene

To framlegg til vedtak. Soknerådet vel blant eitt av dei.

1. *Strandebarm sokneråd ynskjer at kyrkjeverja vår jobbar vidare med saka om samanslåing av sokna i Kvam.*
2. *Strandebarm sokneråd ynskjer ikkje at kyrkjeverja vår jobbar vidare med saka om samanslåing av sokna i Kvam.*

Saksopplysningar: Temaet er diskutert i soknerådsleiarmøta, kome som tema frå kyrkjeverja og frå soknepresten vår.

Bakgrunnen for å reisa spørsmålet, er dei store vanskane valkomiteen hadde ved sist val, med å få nok kandidatar til soknerådsvalet. Oppmøte til gudstenester, særleg blant yngre folk, er lite og det er vanskeleg å få mange til å engasjera seg i kyrkjelyden. Men det er ein generell trend i Strandebarm, og i samfunnet ellers at nokre få ihuga eldsjeler driv lagsarbeidet fram.

Ein ser for seg at ein kunne ha eitt felles soknerråd for heile Kvam, eller eventuelt slå saman til to sokn: Strandebarm/ Vikøy og Øystese/ Ålvik. Soknerådet kunne då ha jobba med overordna oppgåver som strategitenking omkring gudstenesteliv, misjonsengasjement og samarbeid kyrkjelydane imellom.

I dei enkelte kyrkjelydane kan ein då ha utval som tar seg av praktiske oppgåver og at utvala blir valde for kortare periodar enn valperioden på 4 år.

Som soknerådsformann, vil eg seia at det er mange oppgåver å gjera, både ved skrivepulten, i telefonen og praktiske oppgåver som ein må ta hand om. Vårt soknerråd har eit minimum antal medlemmer og det kan bli mange oppgåver på få menneske.

Argument for å slå saman kan då vera at ein soknerådsleiar og eitt soknerråd tek hand om prinsipielle spørsmål. Fleire av sakene som eit soknerråd drøftar, er felles for alle sokneråda. Det er gjerne unødvendig å engasjera så mange råd og menneske til å jobba med dei same spørsmåla istadenfor å samla arbeidet i eitt råd.

Eit anna argument er at sokneprestane våre må møta i 4 soknerråd, men kunne gjerne brukt tida på andre viktige oppgåver i stadenfor mange møte om dei same temaa.

Ulemper med å slå saman, kan bli at det blir enno vanskelegare å engasjera folk til å bli med i eit soknerråd når det ikkje er lokalt forankra. Men dette er vanskeleg å vita. Det motsette kan også skje. Folk kan synast det verkar inspirerande å koma ilag i eit større forum og drøfta kyrkjesaker.

Det er ikkje utan vidare sikkert at det blir lettare å få folk til å engasjera seg i praktiske oppgåver. Slik det fungerer no, blir folk utanom soknerådet spurde frå oppgåve til oppgåve om å delta. Ein er ikkje engasjert for ein tidsperiode. Men det er ikkje sikkert at det blir mindre engasjement heller. Kyrkja i Strandebarm står bra sterkt blant folket. Det er både innsamling til orgelvøle og sløkking av flomlys utanfor kyrkja døme på, og no sist og ikkje minst: Folk var positive til å køyra og samla inn pengar til Fasteaksjonen.

Kyrkjeverja ynskjer å få tilbakemelding frå sokneråda kor vidt han skal jobba vidare med dette temaet, eller la forholda vera slik dei er.

23/26: Oppsetjing av nytt rekkverk

Framlegg til vedtak: Soknerådet takkar ja til tilbod om nytt smijernsrekkverk. Soknerådet ynskjer å spørja lag i bygda om å gjera arbeidet med oppsetjing av nytt rekkverk rundt kyrkjegarden. Rådet kjem med konkrete forslag på kven ein kan spørja.

Saksopplysningar: Kyrkjeverja vår har sut for at det skal sjå fint ut rundt kyrkja vår til jubileet. Det er me svært glade for. Han har føreslått at det blir sett opp nytt smijernsrekkverk istadenfor det som står like ved hovudingongen til kyrkja.

Rekkverket som omkransar kyrkjegarden er slite og skulle ha vore bytt ut, det også. Kyrkjeverja vil at soknerådet drøftar dette og kjem med forslag på korleis løysa dette praktiske problemet. Kanskje ved dugnadsarbeid?

24/26: Eventuelt

Neste soknerådsmøte 04.06. Det er det siste møtet før sommaren. Fyrste møtet etter sommarferien er 20.08.

<u>Gudstenester framover:</u>

Konfirmasjonsgudsteneste 10.05 kl 11.00

Nasjonaldagsfeiring i kyrkja: 17.mai kl 10.30

Pinsevandring: 2 pinsedag kl 11.00 frå Haukås

Messy Church: 07.06. kl 11.00

Friluftgudsteneste Oma- Åse: 05.07. kl 11.00

Gudteneste i kyrkja: 26.07. kl 11.00